

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 7/2007

Møtedato: 17.1.07

Arkiv nr:

## **Søknad om tilskot frå grunneigarfondet – framføring av straum til stølane**

12 stølsbrukarar i Vestre Slidre statsallmenning søkjer om tilskot til framføring av straum. Søknaden gjeld områda Nøsen, Kvålsstølen, Baklie, Rensenn, Buøddin og Flyin. Alle søkjarane driv tradisjonell mjølkeproduksjon på stølen.

Til stølane på Syndin er det tidlegare gjeve eit tilskot på inntil kr 500.000 og maksimalt kr 35.000 til kvar støl. Kostnadane for tilkopling for kvar støl var kr 40.000 og installasjonar og utstyr kom i tillegg.

Anleggskostnadane varierer mykje frå støslag til støslag. Frå Valdres energiverk (VE) er det ikkje klare endelege tal på kostnader for alle støslaga. Det er i søknaden skissert anleggskostnader for kvar stølsbrukar frå kr 80.000 til kr 379.000 (pristilbod frå VE) avhengig av kva støslag det gjeld. I tillegg kjem kostnader til installasjon og utstyr på dei ulike stølane.

Vestre Slidre har det mest aktive stølsbruket i landet. 95 % av mjølkeprodusentane tek buskapen til stølen om sumaren. I tillegg nyttar så godt som alle husdyrprodusentar fjellet til beite eller haustar stølsvollane. Kommunen og fjellstyret har derfor i samarbeid med stølsbrukarane starta opp eit områdetiltak for å satse på å oppretthalde dette unike stølsbruket. Det er tidlegare lagt ned store summar i vegutbygging og tilrettelegging for friluftslivet. Den gode infrastrukturen er eit godt utgangspunkt for vidare næringsutvikling. Det er ingen andre stølsområde i landet som har så godt grunnlag for ny næringsutvikling som det her i Vestre Slidre.

Det er stor interesse blant gardbrukarane for å oppretthalde stølsdrifta og straum som avgjerande for å kunne halde fram med drifta på stølane. I samband med nystarta områdetiltak for stølane i Vestre Slidre er det fleire stølsbrukarar som vurderar ny næringsutvikling på stølane. Aktuelle tiltak er grøn omsorg/turisme, lokal foredling osv.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

### **Vedtak:**

Framføring av straum er etter fjellstyret sitt syn avgjerande for å halde oppe stølsdrifta og for å utvikle næringar knytt til stølane. Fjellstyret tilrår at søkjarane får tilskot frå grunneigarfondet.

Kjell Strand sa seg inhabil og deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.1.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Vestre Slidre kommune v/Anne Marie Mørstad